



**Norled har 80 farkostar langs norskekysten og 17 av dei er i trafikk i Hordaland. Før jul var ferga Ølen inne til reparasjon hos Eidsvik i Uskedalen og no er ferga Jondal å sjå ved skipsbyggeriet her. Norled opplyser imidlertid til uskedalen.no at selskapet ikkje har inngått nokon fast avtale med Eidsvik om servicebistand**

Det som no skjer med Jondal er årleg vedlikehaldsarbeid. og Eidsvik har fått jobben etter å ha gått vegen gjennom vanleg anbod.

- Vi lysar ut jobbar som dette på ordinær måte og plukkar ut den verkstaden som kjem med det gunstigste tilbodet, seier regionsjef i Norled.Inge Andre Utåker.

- Så det er ikkje dermed sagt at det vert fleire Nordled-ferger å sjå i Uskedalen framover?

- Nei, det er ingen automatikk i dette, er svaret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen